



Cheerleading var så populært at dei har dobla kapasiteten. Her frå oppvisninga under FestidaGen-showet i fjor.

Det nærmar seg påmeldingsfristen for FestidaGen, 20.07., og det er tid for å minna om at det framleis er plass til fleire deltakarar på dei fleste aktivitetane. Dei som allereie har meldt seg på, vil få tilbakermelding frå arrangøren innan 20.07., medan alle andre vert oppfordra om å hiva seg rundt å melda seg på.

Til no er det berre filmgruppa som er fullteikna. Cheerleading som var ny og populær aktivitet i fjor, vart også raskt fullteikna(15), men her valde dei å dobla kapasiteten(30) og dermed er det framleis ledige plassar.

Den nye aktiviteten parkour er også nesten full, medan det er nokre ledige plassar på trylling, redesign og vitenfest.

På dei andre aktivitetane er det bra med ledige plasser, men det er viktig at ein er rask å melda seg på no. Av erfaring veit ein at det fyllest svært raskt opp når det nærmar seg fristen. Derfor er det grunn til å tru at fleire grupper vil fyllast opp dei næraste dagane.

Til Småstjerner er det førebels berre ein soloartist og to grupper som har meldt seg på. Her håpar ein sjølvsagt at det strøymer på no.

Informasjon og påmeldingsskjema til dei ulike aktivitetane under FestidaGen finn ein ved å klikka seg inn på [Festidalen si heimeside her](#).

Vi ser fram til at FestidaGen-deltakarane skal setja sitt preg på bygda under Festidalen også i år!

USKEDALEN 2015
31. JULI - 2. AUG

FestidaGen
WWW.FESTIDALEN.NO

SEGWAY FESTIDAGBLADET VITENFEST
TRYLLING REDESIGN
FILMGRUPPE CHEERLEADING FESTICALEN
ROCKETROLL SMÅSTJERNER
PARKOUR RESTAURANTEN

HARDING™ SparebankenVest

BYGGERIET SPAR USKEDALEN **ENERGI** iDrift Tysnes Sparebank SKL HJØNNEVÅG FATLAND KVINNHVERINGEN

Meld dåke på FestidaGen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Festidalen.